

Garn- og rusefiske haust 2022

Feltrapport frå prøvafiske med garn: Frøysnes, Bygland, Grendi og Vassenden

Prøvafiske på faste stasjonar er en del av overvakinga av blekebestanden i Otravassdraget. På kvar stasjon ble det satt 10 botngarn (11 garn i Vassenden) på ulike djup ned til maks 8 meter. Garn som blir brukt er seksjonerte oversiktsgarn, «Nordisk garnserie», som er 30 meter lange og 1,5 meter djupe. Garn består av segmenter med garn av følgande maskevidder: 5,0-6,3-8,0-10,0-12,5-16,0-19,5-24,0-29,0-35,0-43,0- og 55,0 mm. Med desse maskeviddene fanges fisk i lengdeintervall 5- 55 cm.

Prøvafiske med garn blei utført på faste stasjoner haust 2022 av Fiske- og vassdragsrådgjevar i Bygland med feltassistanse av: Olav Øygarden (Frøysnes, Bygland) og Oddvar Omnes (Grendi og Vassenden).

I denne feltrapporten blir fangst pr. stasjon vist med art og lengdefordeling.


Fiske- og vassdragsrådgjevar i Bygland har samordna innsamla rådata frå felt, fiskeanalyser, bildedokumentasjon i en eigen feltrapport/Excel-ark som vidare sendast til NORCE v/ Bjørn Barlaup som leder *Blekeprosjektet*.

Samla fangstresultat alle stasjonar

På stasjonane ble det i 41 garn fanget 325 aure, 22 bleke og 346 ørekyte. Mengde fisk pr. garn blir: 7,9 aure, 0,5 bleke og 8,4 ørekyte. Bleka utgjør 6,3 % av garnfangsten (aure/bleke).

Aurefangst bestod av fisk mellom 5- og 32 cm (figur 1). Her er dei fleste årgangar eldre enn to år godt representert.


Blekefangst bestod av fleire lengdegrupper: 6 cm, 12-13 cm, 17-19 cm og 21-26 cm. Individua i lengdegruppene opp til 19 cm stammer nok frå eigenrekruttering ettersom utsetting av øyerogn frå Syrtveit Fiskeanlegg blei avslutta i 2017. Lengdegruppa 21-26 cm kan stamme frå rognutlegg eller eigenrekruttering. Aldersanalysane vil vise kva årgangar dette er.



Figur 1. Fordeling av mengde aure (n=326) og bleke (n=22) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske haust 2022 på stasjonane Vassenden, Grendi, Bygland og Frøysnes.

Sjølv om garnfangsten av bleke er lav, så er det å spore fleire eigenrekrutterte årgangar. Det er viktig å følge med på desse årgangane og sjå om desse vil danne eit godt nok grunnlag med voksen stamfisk i fjorden. Mengde voksen stamfisk vil vere med å kunne definere om blekebestanden er berekraftig i framtida.

Ørekytefangst bestod av fisk mellom 3- og 10 cm (figur 1). Her er fleire årgangar representert. Fangst av ørekyte var jamt fordelt på alle stasjonane. Ørekyta er nå godt etablert i Byglandsfjorden.




Figur 2. Fordeling av eit utval ørekyte (n=185) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske haust 2022 på stasjonane Vassenden, Grendi, Bygland og Frøysnes.

Lengdefordelinga av ørekyta viser at den er ein betydeleg konkurrent til yngre årgangar av aure og bleke i fjorden. I oppvekstområda (strandsona/grunnare områder) opptrer ørekyta i store mengder. På sikt kan aurebestanden i fjorden bli redusert i mengde grunna konkurranse. Samtidig kan aurebestanden ta ørekyte inn som ei viktig matkjelde og det kan på sikt resultere i ein aurebestand i betre kvalitet. Det er usikkert om ørekyta er ein trussel for bleka.

Fangstresultat på dei enkelte stasjonar

Vassenden

På stasjon *Vassenden* ble det fisket 29-30. september. Fangstresultat ble 115 aure, 5 bleke og 50 ørekyte på 11 garn. Lengdefordelinga på fangst av aure, bleke og ørekyte er vist i figur 3.




Figur 3. Fordeling av mengde aure ($n=115$), bleke ($n=5$) og ørekyte ($n=28$) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske 30. september 2022 på stasjon *Vassenden*.

Fangstresultatet viser innslag av to årgangar med eigenrekruttert bleke. Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder.

Grendi

På stasjon *Grendi* ble det fisket 28-29. september. Fangstresultat ble 56 aure, 2 bleke og 80 ørekyte. Lengdefordelinga på fangst av aure, bleke og ørekyte er vist i figur 4.




Figur 4. Fordeling av mengde aure ($n=56$), bleke ($n=2$) og ørekyte ($n=54$) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske 29. september 2022 på stasjon *Grendi*.

Fangstresultatet viser innslag av ein årgang med eigenrekruttert bleke med lengde 17 og 19 cm. Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder.

Bygland

På stasjon *Bygland* ble det fisket 19.-20. september. Fangstresultat ble 66 aure, 4 bleke og 195 ørekyte på 10 garn. Lengdefordelinga på fangst av aure, bleke og ørekyte er vist i figur 5.



Figur 5. Fordeling av mengde aure (n=66), bleke (n=4) og ørekyte (n=82) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske 15. september 2021 på stasjon *Bygland*.


Fangstresultat viser innslag av ein årgang med to eigenrekrutterte bleker på 13 cm. Tre bleker på 25- og 26 cm kan stamme frå rognutlegg. Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder.



Flott rognbleke like under 200 gram fanga ved *Nesstrondi*.

Frøysnes

På stasjon *Frøysnes* ble det fisket 21-22. september. Fangstresultat ble 89 aure, 11 bleke og 21 ørekyte. Lengdefordelinga på fangst av aure, bleke og ørekyte er vist i figur 6.



Figur 6. Fordeling av mengde aure (n=89), bleke (n=11) og ørekyte (n=19) på ulike lengdegrupper (cm) fanget ved garnfiske 22. september 2022 på stasjon *Frøysnes*.

Fangstresultat viser innslag av to årgangar med eigenrekruttert bleker på hhv. 13- og 18 cm. Åtte bleker på 21- og 24 cm kan stamme frå rognutlegg i 2017. Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder.

Rusefiske

Rusefisket er ein del av overvakinga av blekebestanden i Otravassdraget.

Det har blitt utført fiske med ruser på 5 lokalitetar i sesong 2022. Lokalitetane er: Åraksbø, Ramneberget ved Bygland, Kilefjorden, Breidflå ved Hornnes og Dåsvatnet. Dei lokale som har røkta rusene er: Knut Haugetveit, Olav Øygarden og Hasso M. Hannås. Jon Løyland har bidratt med god hjelp til utsett og opptak av ruser. Rusene dokumenterer og overvaker innslag av eldre fisk i bestanden (lengde > 15 cm).


Fiske- og vassdragsrådgjevar i Bygland har samordna innsamla rådata i eigen feltrapport/Excel-ark og vidare sendt materialet til NORCE v/ Bjørn Barlaup som leder *Blekeprosjektet*.

Åraksbø

Rusefiske på Åraksbø ble utført i perioden 19. september til 2. desember 2022. Knut Haugetveit har røkta rusa heile perioden og ført detaljert journal på aure- og blekefangst. Bleka blir sjekka for feittfinnemerking (settefisk) og PIT-merking (individmerka fisk i Blekeprosjekt) som er ein elektronisk micro-chip som er operert inn i blekas buk. All bleke blei lengdemålt før dei blir satt ut igjen. All fanga aure er tatt på land.

Etter 73 fangstdøgn ble det fanga 1284 aure og 104 bleke. 4 % av bleka var settefisk (feittfinnemerka). Det ble fanget jamt med aure og bleke i heile fangstperioden. Lengdefordeling av fanga bleke viser at fangst består av vaksen bleke med lengde mellom 19- og 30 cm (figur 7).

I løpet av sesongen blei det fanga 6 aurar som var over 500 gram.




Figur 7. Mengde umerka (n=98) og merka (n=4) bleke på ulik lengde (cm) i rusefangst Åraksbø i perioden 19. september til 2. desember 2022.

Dei umerka blekene stammer enten frå rognutlegg eller naturlig rekruttering. Siste rognutlegg oppstrøms Ose var i 2017 (ca. 200.000 stk.). Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder. Dei feittfinnemerka blekene kan stamme frå siste utsett av bleke i 2016. Då blei det satt ut 10.000 settefisk i Byglandfjorden og Åraksfjorden.

Ramneberget

Ved Ramneberget blei det kun fanget fisk i 3 døgn, 18-21. oktober. Fangsten var 43 bleke og 3 aure. Lengdefordeling av fanga bleke viser at fangst består av voksen bleke med lengde mellom 23- og 30 cm (figur 8). 82 % av fangsten var voksen gytefisk av god kvalitet der fleire individ var over 200 gram.




Figur 8. Mengde umerka (n=38) og merka (n=1) bleke på ulik lengde (cm) i rusefangst Ramneberget i perioden 18-21. oktoberber 2022.

Dei umerka blekene stammer enten frå rognutlegg eller naturlig rekruttering. Siste rognutlegg oppstrøms Ose var i 2017 (ca. 200.000 stk.). Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder. Den feittfinnemerka bleka kan stamme frå siste utsett av bleke i 2016. Då blei det satt ut 10.000 settefisk i Byglandfjorden og Åraksfjorden.

Kilefjorden

I Kilefjorden fanget ei ruse 14 døgn i starten av juni. Fangsten var 1279 skjebbe, 93 aure og ei umerka bleke. Bleka hadde ei lengde på 25 cm (figur 9).




Figur 9. Mengde aure (n=39) og umerka bleke (n=1) på ulik lengde (cm) i rusefangst Kilefjorden juni 2022.

Den umerka bleka kan stammer enten frå rognutlegg eller naturlig rekruttering. Videre aldersanalysar vil gi svar på blekas alder.

Breidflå

I Breidflå fanget ei ruse 11 døgn i starten av juni. Fangsten var 1916 stk. skjebbe, 283 stk. aure og 20 stk. merka bleke. Lengdefordeling av fanga bleke viser at fangst består av voksen bleke med lengde mellom 22- og 26 cm (figur 10 og 11).



Figur 10. Mengde av eit utval aure (n=50) og merka bleke (n=20) på ulik lengde (cm) i rusefangst Breidflå juni 2022.


Alle bleker var merka med klipt venstre bukfinne. Dette er utsett bleke frå Syrtveit Fiskeanlegg i årene 2006-2008. Denne fangsten viser at bleka i Otravassdraget kan bli 14-16 år gamal. Videre aldersanalysar vil gje endeleg svar på blekas alder.



Figur 11. Bildane viser nokre eksemplar av dei bukfinnemerka blekene som er 14-16 år gamle fanga i ruse i Breidflå juni 2022.

Dåsvatn

I Dåsvatn blei all fangst av bleke i ruse tatt ut til analyse i perioden 2.-28. oktober. Totalfangst var 25 umerka bleke. Lengdefordeling av fanga bleke viser voksen bleke med lengde mellom 21- og 26 cm (figur 12).



Figur 12. Mengde av umerka bleke (n=25) på ulik lengde (cm) i rusefangst frå Dåsvatn oktober 2022.

Alle fanga bleker var gytefisk. Blekene kan stamme frå utlegg av rogn i Dåsåna (frå Syrtveit Fiskeanlegg) i perioden 2014-2018. Totalt blei det lagt ut 500 000 rogn.

Nils Børge Kile
Fiske- og vassdragsrådgjevar
Bygland kommune